

REGIONALT PLANFORUM I MØRE OG ROMSDAL - ARBEIDSMANUAL

revidert 13.03.2012

FØREMÅL

Regionalt planforum er eit forum der kommunar og regionale instansar i Møre og Romsdal fylke kan legge fram konkrete planar og planspørsmål for drøfting. Grunneigarar, tiltakshavarar og private konsulentar kan ikkje vere part i drøftingane men kan i særlege tilfelle, eller etter ønske frå kommunane, delta i presentasjonen av saker.

Forumet er forankra i plan- og bygningslova og skal bidra til gjensidig informasjonsutveksling mellom kommunar og regionale instansar, og betre samordning mellom ulike sektorinteresser på regionalt nivå. Gjennom planforumet skal ein synleggjere og avklare utfordringar på eit tidleg stadium i planprosessane, og utvikle ei felles forståing av problemstillingar og målsetjingar for planarbeidet. Den som reiser ein sak i regionalt planforum må kunne vente at deltakarane gir tydelege signal i saka dersom dette er mogleg. Dette inneber at deltakarane på førehand må setje seg inn i plandokumenta, og så langt det er praktisk mogleg avklare responsen i sin eigen organisasjon.

Det er eit mål at planforumet skal bidra til ein meir effektiv ressursbruk i større plansaker, styrking av planlegginga generelt og reduksjon i talet på motsegn saker.

Regionalt planforum har ikkje vedtaksmynde og heller ikkje ein formell meklingsfunksjon, men må likevel kunne nyttast til avklaring undervegs i konkrete saker. Møtet må ha ein mest mogleg open kommunikasjonsform og referat er ikkje å sjå som dokument i saksbehandlinga.

SAKSTYPAR

Følgjande planar og saker er aktuelle å fremja for regionalt planforum:

Planstrategi

- Regional
- Kommunal

Planprogram (eventuelt i kombinasjon med planstrategi) og planforslag

- Regional plan
- Regionale delplanar (men ikkje årlege handlingsplanar)
- Regional planbestemming
- Interkommunale planar
- Kommuneplan - samfunnsdel
- Kommuneplan - arealdel
- Kommunedelplanar for større prosjekt, større areal eller viktige samfunnsområde
- Reguleringsplanar med innhald av regional interesse
- Reguleringsplan som vedkjem mange sektorinteresser
- Større energisaker

Andre planfaglege problemstillingar

- Prinsipielle planfaglege problemstillingar knytt til tolking av lov og forskrift, forholdet til nasjonale planbestemmingar og retningslinjer, nasjonale høyringssaker
- Orienteringssaker

Det er ønskeleg at kommuneplanar og regional plan bør drøftast to gongar; før planprogram vert fastsett og før offentlig ettersyn. Andre saker nemnt ovanfor bør drøftast minst ein gong.

PRAKTISK GJENNOMFØRING:

Møre og Romsdal fylkeskommune er sekretariat for regionalt planforum, og har ansvaret for innkalling, drift, møteleiing og referat (sjå plan- og bygningslova § 5-3). Det skal utarbeidast ein årleg møteplan, med ein fast møtedag kvar månad. Møteplan skal gjerast tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider.

REGIONALT PLANFORUM I MØRE OG ROMSDAL - ARBEIDSMANUAL

revidert 13.03.2012

Saker skal fremjast seinast to veker i forkant av planforumsmøtet. Relevante saksdokument skal oversendast digitalt til planforum@mrfylke.no seinast sju dagar før møtet. Sekretariatet set etter dette opp dagsorden for møtet og sender innkalling med saksdokument seinast 6 dagar før møtet. Varsel om avlyst møte sendast med same frist.

Det kan ved behov kallast inn til ekstraordinære møte. Både kommunar og regionale organ kan ta initiativ ut frå konkrete saker.

Møta vert i utgangspunktet haldne på fylkeshuset i Molde, men kan etter avtale haldast andre stader, dersom det er mest hensiktsmessig. Videomøte kan også vere aktuelt.

Referatet skal i korte trekk skildre kva tema som er drøfta og kva signal som er gitt på møtet. Referatet skal sendast medlemmane og dei aktuelle kommunane, samt offentleggjerast på fylkeskommunen si nettsider. Referatet kan ikkje erstatte formale høyringsfråsegner frå den einskilde etat og er såleis ikkje å sjå som formelt i planjuridisk forstand.

Regionale instansar

Regionale organ med motsegnskompetanse er medlem av planforumet, kan delta på møter og fremje planfaglege spørsmål for drøfting. Desse er:

- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Statens vegvesen, Region midt
- Kystverket, Region Midt-Norge
- Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal
- NVE, Region vest / Region midt
- Mattilsynet, Regionkontoret i Trøndelag og Møre og Romsdal
- Direktoratet for mineralforvaltning
- Avinor
- Jernbaneverket
- Statskog KF
- Møre bispedømme
- Statsbygg, Region Midt-Norge
- Forsvarsbygg

Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Statens Vegvesen skal stille fast i alle møta. Andre regionale etatar skal i utgangspunktet stille med representant i saker som vedkjem etaten sitt arbeidsområde. Det vil vere opp til den enkelte etat å samordne internt slik at ein stiller med relevant fagleg tyngde og mandat.

Kommunane

Alle kommunane i Møre og Romsdal er å sjå som medlemmer i planforum, og kan fremje planfaglege spørsmål og konkrete planar for drøfting. Av praktiske årsaker er det ikkje aktuelt å kalle kommunane samla inn til møte. Dei deltek på møte der dei sjølve har fremja saker eller er part i saker.

Kommunane vel sjølve korleis dei vil vere representert ved drøftinga av ein sak og kan møte med fleire personar (av praktiske årsaker bør talet avgrensast til maksimalt 7-8). For private aktørar gjeld likevel at desse berre deltek ved presentasjon av sak, ikkje i drøftingane.

Andre som plana/saka vedkjem

Andre som i særskilt grad vert råka av, har lagt føringar for eller har interesse i ei sak kan verte invitert.

Evaluering

Før møtet i november skal fylkeskommunen førebu årleg evaluering av planforum. Som ein del av førebuingane skal vere eit evalueringsskjema utsendt til medlemene med god frist for tilbakemelding.